

SVPOL 111/112

Miljøpolitikk

forelesning

30. april 2001

“Analyzing Politics III”

© 2001 Erling Berge

<http://www.sv.ntnu.no/iss/Erling.Berge/>

Pensumlitteratur

- Shepsle, Kenneth A., and Mark S. Bonchek
1997 “Analyzing Politics. Rationality,
Behavior, and Institutions”, New York,
Norton
- Underdal, Arild (2000) “Internasjonale
forhandlinger” i kompendim for SVPOL112

Tema

- Gode
 - offentlege, private, klubb og felleslager
- Eksternalitetar
- Allmenningar
- Institusjonar

Repetisjon I Sosiale dilemma

- Kvar gong når individ står i ein situasjon der maksimering av kortsiktige eigeninteresser gir utfall som er dårlegare enn andre praktisk tilgjengelege alternativ
- Finst det løysingar?

Repetisjon II

Kvifor får vi sosiale dilemma

- Sosiale dilemma kan oppstå i samband med samarbeid/ kollektiv handling (eks.: fangens dilemma)
- Sosiale dilemma kan OGSÅ oppstå pga eigenskapar ved
 - Gode
 - Produksjonsprosessar
 - Konsumprosessar

Fire typar gode

Konkurrans i konsumatferd (rivalry in consumption) («jointness of supply»)	Konsumentens adgang til godet (excludability of consumer)	
	ekskluderbar	ikkje ekskluderbar
konkurrans (separable) (depletable)	PRIVATE	FELLESLAGER (common pool g.) (positional goods)
ikkje konkurrans (joint) (non-depletable)	KLUBB (club goods) (toll goods)	OFFENTLEGE (public goods) (collective goods)

offentlege gode I

- marknadsinsentiva for å produsere offentlege gode er problematiske
- eks 1:
 - fyrstårn som parade-eksempel ?
- eks 2:
 - OPEC sitt priskartell gir høg pris som offentlig g.
 - gratispassasjerar (medlemmer?, Norge, andre)
 - privilegert gruppe pga Saudi-Arabia

offentlege gode II

- normalt vert det produsert for lite og /eller konsumert for mye
- løysinga er politisk
 - som regel sett som statens oppgåve
 - men involverer “kollektiv handling” problem
- **MERK** offentlege gode er ikkje det samme som gode produsert av offentlege mynde

Privatisering?

- privatisering av **offentleg produksjon** kan vere av
 - private gode
 - offentlege gode
 - klubbgode
 - felleslagra gode
- eksklusjonsteknologi
- produksjonsprosessen vs konsumet
(jointness in production: jfr “biproduktteorien”)

Eks.: Vei som offentlig gode

- veien er offentlig gode for konsumentane
 - men kollektiv handling problemet oppstår ikkje mellom konsumentane
- nok vei vert produsert fordi veiprodusentane (som regel) er så få at dei klarer å organisere seg og påverke den politiske prosessen (men kanskje ikkje i Norge? jfr. Statens Vegvesen og bruk av bompengar)

offentleg produksjon

- ved underproduksjon av offentlege gode
- gitt offentlig produksjon kva er insentiva for byråkratane?
 - eks.: offentlig finansiering/ produksjon av grunnforskning
 - fordeling av pengar etter kvalitet eller etter geografi? kortsiktig eller langsiktig?
 - “geografi og kortsiktig” kan gi større politisk legitimitet

løysingar av “offentleg gode problemet”

- offentlig produksjon
- monopol/ privileg til private aktørar
- dispensasjon frå konkurranselovgivinga
- offentlig subsidiering av private produsentar

ingen av desse garanterer rette insentiv

- dagens “privatiseringsdebatt” eksperimentell,
- teknologiendring og deregulering

Eksternalitetar

- når biprodukt (som regel uintenderte) av frivillig avtalt aktivitet påverkar tredjepart utan at tredjepart har kunna påverke aktiviteten talar vi om eksternalitet, eller eksterne verknader
- positive - biprodukta vi ønskjer meir av
- negative - biprodukta vi kan klare oss utan

Korleis motiverer vi produsentar til å ta omsyn til eksternalitetar?

- skattar for negative
- subsidiar for positive
 - gratis vaksinasjon
 - subsidiert utdanning
 - subsidiert transport
- reguleringar
- eigdomsrett til “eksternalitetskvoter”

skattar/ subsidiar

- generelt vil skatt gi færre transaksjonar
 - kva er rett nivå (optimal skatt)?
- feil skattenivå kan gi større problem enn ingen skatt
- kva for aktivitetar generer eksternalitetar som treng skattleggast/ subsidierast?
 - interessepolitikken verkar inn !

reguleringar og eigarrettar

- byråkrati med standardar for nivå av eksternalitetar
- eigedomsrettar til utsleppskvoter krev
 - byråkrati for kjøp/ sal, og overvaking av at retten ikkje blir misbrukt
- eit sentralt omgrep er transaksjonskostnader

løysingar fører til nye problem

- kva kostar løysinga (er kostnaden større enn vinsten?)
- korleis finn vi dei rette insentiva for forvaltarane slik at institusjonen som skal kontrollere eksternalitetane ikkje blir brukt til andre formål (kven vaktar vaktarane)?

felleslagra ressursar og almenningens tragedie

- Hardin 1968 The Tragedy of the Commons

		Kvegeigar B	
		meir dyr	samme dyretal
Kvegeigar A	meir dyr	2	4
	samme dyretal	4	4

Almenningar og eigarrettar

Felleslagra ressursar (common pool) er enten

- ressursar utan eigar
(gratisressurs / offentleg gode)

eller

- ressursar eigd i fellesskap (sameige/ almenning)

Eigedomsregimet gir store skilnader i observerte utfall

“Open access or commons?”

- gratisressursar
 - fisk i internasjonalt farvatn (som eksempel betre enn hummarfisket i Maine)
 - grunnvatn
 - atmosfæren, osv
- almenningar
 - skogsalmenningar
 - oljefondet osv.....

løysingar

- overforbruk av gratisressursar:
 - innføring av eigarrettar
- samanbrot av felleseigde ressursar
 - betre spesifikasjon av eigarrettar

Ostrom 1990 “Governing the Commons”

Varige almenningar er i alle fall delvis
sjølvstyrte med

- klart definerte genser
- kongruens i fordelinga av rettar og plikter
- rett til å formulere og revidere bruksreglane
- lokalt kontrollerte overvakingsmekanismer

Ostrom 1990 “Governing the Commons”

- trinnvis styrke i straff for brot på reguleringane
- lavkostnads arenaer for konfliktløysing
- det lokale sjølvstyret er respektert av statsmakta
- (store system er hierarkisk oppbygd)

Konklusjon:

folk har vore utruleg oppfinnsame for å unngå tragedien

ressursforvaltninga er eit politisk problem

Havfisket er eit stort felt av eksperiment:

- individuelle eigarrettar: ITQs (Island, New Zealand)
- sjølv-overvakande avtalar (for fiskeartar som flytter seg mellom jurisdiksjonar som t.d. Barentshavet)

Konklusjon: mange beslekta problem

- for lite samarbeid
- for lite kollektiv handling
- for lite offentlege gode
- for lite positive eksternalitetar
- for mye negative eksternalitetar
- overforbruk av felleslagra ressursar (anten det no er gratisressurar eller almenningar)

Konklusjonar

- Problema har det til felles at individuelle insentiv/ interesser er i strid med almennteressene/ fellesinteressene:
dvs sosiale dilemma
- Løysingane er politiske konstruksjonar
- “Konstruksjonane” er det vi vanlegvis kallar **institusjonar**

oppsummering

Problem	Atferd som treng kontrollerast	Eksempel på løysing
Samarbeid	Avbrot av samarbeid	Gjentatte samarbeid
Kollektiv handling	Gratisspassasjer	Politiske entreprenørar biprodukt
Forsyning av offentlege goder	Ikkje bidrag	offentleg produksjon
Kontrollere eksternalitetar	Ikkje ta omsyn til eksterne effektar	skatt og subsidiar
Styre felleslagra ressursar	Overforbruk	Eigedomsrettar og lokalstyring

institusjonar og institusjonalisering

- problemområde
- regelverk
- byråkrati/ organisasjon med oppgave å bruke regelverket (tolke reglane og foreslå revisjon av dei i lys av problemsituasjonen)

institusjonar

er prega av

- arbeidsdeling og arbeidsprosedyrer
- spesialisering av arbeidskrafta
- ulike jurisdiksjonar
- delegering og overvakingsrutiner
 - prinsipal/ agent teori, moralsk risiko

konklusjonar

- institusjonar er styringsstrukturar
- institusjonar er ikkje statiske
- utforminga av institusjonar har mye å seie for korleis miljøet vårt vert forvalta
- institusjonsutforming er det viktigaste politisk styrte verkemiddelet i miljøpolitikken

Litt meir om analysemodellen

- Drøftingane så langt har vore innanfor den enkle modellen om rasjonell handling
- Vi har fleire gonger sett tydeleg korleis modellen ikkje gir gode bilete av kva som skjer i verda
 - t.d. “almenningens tragedie”

Føresetnader i enkle modellar

- alle deltakarar har full kunnskap om strategiar og vinstar hos alle spelarar
- avgjerder om strategival vert gjort uavhengig og ofte samtidig
- i symmetriske spel har alle spelarane dei same strategiane
- det finst ingen sentral aktør som kan sette makt bak avtalar om strategival

Utvikling av modellen I

Coleman 1994 tar utgangspunkt i

ELEMENT FRÅ NEO-KLASSISK ØKONOMI

- metodisk individualisme
- prinsippet om at aktøren maksimerer eller optimaliserer
- ideen om eit sosialt optimum
- ideen om eit system i likevekt

Utvikling av modellen II

Coleman 1994 foreslår

TILLEGG AV ELEMENT FRÅ SOSIOLOGI

- nytte kan vinnast gjennom å gi avkall på kontroll
- ideen om sosial kapital
- rettar er sosialt konstruerte
- institusjonar

Utvikling av modellen III

Eksperimentell statsvitenskap

Eksperiment med kollektiv handling for personar med ein utgangskapital på y .

Modellen av utbyttet for ein gitt spelar i

- $y - g_i + a \cdot g_i$, der g_i er den individuelle kostnaden ved fellestiltaket og $1/n < a < 1$
- $1/n < a < 1$ kan sjåast som avkastninga (renta) frå fellestiltaket, dvs. det offentlege godet
- Kollektivt er det maksimum for $g_i = y$
- Det individuelt rasjonelle er $g_i = 0$

Utvikling av modellen IV

Eksperimentelle resultat

- Ansikt-til ansikt prat er viktig
- Resiprositetsnormer er viktige
- "Rykte" og "tillit" er viktige
- Folk har evne til å løyse andre ordens dilemma (dvs. lage nye institusjonar som kan lette samarbeidsproblema)

Utvikling av modellen V Ostrom 1998 foreslår

Nye element i modellen:

- **Rykte**
- **Tillit**
- **Resiprositet**

Utvikling av modellen VI

Treng ny teori om atferd i sosiale dilemma

- Atferd er strukturelt påverka
- Bygge bru mellom samfunnsfag og biologiske fag
- Fleirfagleg fundament for “heuristisk” atferd
- Motverke politisk bruk av eksisterande teori
- Den sosiale konstruksjonen av demokratiet

Referansar

- Coleman, James S. 1994 «A Rational Choice Perspective on Economic Sociology», pp.166-180 i Smelser and Swedberg (eds.) 1994 «**The Handbook of Economic Sociology**», Princeton, Princeton University Press,
- Gintis, Herbert 2000 "Game Theory Evolving. A Problem-Centered Introduction to Modelling Strategic Interaction", Princeton, Princeton University Press

- Ostrom, Elinor 1990 “Governing the Commons. The Evolution of Institutions for Collective Action.”, Cambridge, Cambridge University Press
- Ostrom, Elinor 1998 «A Behavioral Approach to the Rational-Choice Theory of Collective Action», **American Political Science Review** 92(1) p.1-22